



Helse- og  
omsorgsdepartementet

# Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 20. april 2021

Stortingsvedtak m.m.

HELSE  VEST

---

## **PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Tirsdag 20. april 2021 kl. 15.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka og vart halde på telefon.

### **Dagsorden**

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Døgnkapasitet innanfor psykisk helsevern
- Sak 4 Rehabiliteringstilbodet innan spesialisthelsetenesta
- Sak 5 Bruk av private avtalespesialistar innan psykisk helsevern
- Sak 6 Etablering av nettverk knytta til helsefellesskap
- Sak 7 Medikamentkostnader og konsultasjonseigendelar for eggdonorar
- Sak 8 Evaluering av ekspertpanelet for spesialisthelsetenesta
- Sak 9 Beredskapslager for legemiddel

### **Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte**

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

### **Frå styret møte**

Styreleiar Einar Strømsvåg  
Nestleiar Olin Johanne Henden  
Gunnar Berge

Pernille Lysaker  
Wenche Kristin Røkenes  
Marie Skontorp

### **Frå administrasjonen møte**

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

### **Også til stades**

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen  
Politisk rådgjevar Thordis Marie Widvey Haugen  
Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum  
Ekspedisjonssjef Espen Aasen  
Avdelingsdirektør Kai Furberg  
Fung. avdelingsdirektør Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte med Ingrid Engstad Risa.

---

## Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Einar Strømsvåg og helse- og omsorgsminister Bent Høie vart valde til å godkjenne protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Bent Høie spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Døgnkapasitet innanfor psykisk helsevern

I samanheng med handsaminga av Dokument 8:130 S (2019–2020), jf. Innst. 243 S (2020–2021), gjorde Stortinget følgjande vedtak:

*"Stortinget ber regjeringen umiddelbart stanse nedbyggingen av døgnplasser i psykisk helsevern."*

Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka følgje opp vedtaket til Stortinget. Føretaksmøtet viste elles til at det pågår ein gjennomgang av kapasitet og analyse av framtidige behov for døgnplassar og andre tenester i psykisk helsevern. Oppdraget vart gitt i revidert oppdragsdokument 2019 og rapport om arbeidet skal leverast til Helse- og omsorgsdepartementet sommaren 2021. Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseføretaka vurderer kapasiteten i psykisk helsevern på bakgrunn av denne rapporten.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dei regionale helseføretaka skal ikkje redusere døgnkapasiteten i psykisk helsevern før det er gjort ei ny vurdering på grunnlag av ei samla analyse av framtidig kapasitetsbehov, jf. oppdrag i revidert oppdragsdokument 2019.*

---

## Sak 4 Rehabiliteringstilbodet innan spesialisthelsetenesta

I samanheng med handsaminga av Dokument 8:43 S (2020–2021), jf. Innst. 271 S (2020–2021), gjorde Stortinget følgjande vedtak:

*"Stortinget ber regjeringen sørge for at rehabiliteringstilbud innan spesialisthelsetjenesten ikke legges ned før man har sikret at kommunene er i stand til å overta ansvaret for de aktuelle pasientgruppene."*

Føretaksmøtet viste til oppdragsdokumentet frå 2015 der det vart understreka at omstilling av tenester som rører kommunane skal synkroniserast slik at dei ikkje blir gjennomførte før kommunane er i stand til å handtere dei nye oppgåvene. Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka følgje opp vedtaket til Stortinget, og leggje vekt på samarbeid mellom helseføretak og kommunar ved endringar i rehabiliteringstilbod.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dei regionale helseføretaka blir bedne om å sikra at rehabiliteringstilbod innan spesialisthelsetenesta ikkje blir lagd ned før ein har sikra at kommunane eventuelt er i stand til å overta ansvaret for dei aktuelle pasientgruppene.*

## Sak 5 Bruk av private avtalespesialistar innan psykisk helsevern

I samanheng med handsaminga av Dokument 8:47 S (2020–2021), jf. Innst. 261 S (2020–2021), gjorde Stortinget følgjande vedtak:

*"Stortinget ber regjeringen sørge for at de regionale helseføretakene utvider bruken av avtalespesialister innen psykisk helsevern."*

Føretaksmøtet viste til at det nyleg er blitt einigheit mellom dei regionale helseføretaka og profesjonsforeningane om endringar i dei inngåtte rammeavtalene, som legg til rette for at avtalespesialistar i psykisk helsevern skal ha plikt og rett til å vurdere og tildele pasientrettar.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dei regionale helseføretaka blir bedne om å utvide bruken av avtalespesialistar i psykisk helsevern i lys av dei endra rammeavtalene.*

## Sak 6 Etablering av nettverk knytta til helsefelleskap

Mange av problemstillingane som rører rammevilkåra for helsefelleskapa går på tvers av ansvarsområda til aktørane på nasjonalt nivå, det vil seie departementet, direktorata, dei regionale helseføretaka og KS. For å leggje til rette for treffsikker bruk og naudsynt vidareutvikling av verkemiddel er det etter departementet sitt syn naudsynt med dialog og drøfting på tvers mellom desse aktørane.

Føretaksmøtet viste til at helsefelleskapa har stor nytte av å utveksle erfaringar og lære av kvarandre. Helsedirektoratet vil i tillegg støtte helsefelleskapa med mellom anna styringsinformasjon på tvers og praktisk rettleiing. For å leggje til rette for erfaringsutveksling og deling av informasjon vil Helsedirektoratet fasilitere eit nasjonalt nettverk mellom dei 19

---

helsefellesskapa. Dette vil bidra til at helsefellesskapa kan lære av kvarandre, både i etableringsfasen og når dei kjem i gang med utvikling og planlegging av tenester til dei fire pasientgruppene, og få tilgang til relevant informasjon frå Helsedirektoratet. Dei regionale helseføretaka og KS vert og invitert til å delta i nettverket.

**Føretaksmøtet vedtok:**

- *Dei regionale helseføretaka blir bedne om å sørge for at helseføretaka deltek i nasjonalt nettverk for erfaringsutveksling og informasjonsdeling mellom helsefellesskap som vert fasilitert av Helsedirektoratet.*
- *Dei regionale helseføretaka blir bedne om å oppnemne ein representant kvar til dette nettverket.*

**Sak 7 Medikamentkostnader og konsultasjonseigendelar for eggdonorar**

Føretaksmøtet viste til at eggdonasjon vart lov frå 1. januar 2021. Donorane skal ikkje bli belasta med kostnadene til medikament, eigendelar eller liknande. Dei skal heller ikkje måtte leggje ut for dette. Føretaksmøtet la til grunn at dette er kostnader som dei regionale helseføretaka må dekke innanfor eigne budsjettammer.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*I samband med eggdonasjon skal dei regionale helseføretaka dekke donorane sine kostnader til medikament og eigendeler mv. Det må bli etablert hensiktsmessige system som sørger for at donorane ikkje må leggje ut for slike utgifter.*

**Sak 8 Evaluering av ekspertpanelet for spesialisthelsetenesta**

Føretaksmøtet viste til interpellasjon nr. 24 (2020–2021) som vart handsama i Stortinget 16. februar 2021: "Om å innføre en ordning som gir ALS-syke og andre med alvorlige diagnoser anledning til å prøve medisiner som har gått gjennom første fase med utprøving."

Føretaksmøtet viste til at det er etablert ei ordning i spesialisthelsetenesta der pasientar kan få ei vurdering av sine moglegheiter for behandling, inkludert utprøvande behandling. Denne ordninga, kalla Nasjonalt organ for rådgjeving ved alvorleg livsforkortande sjukdom (Ekspertpanelet), har ei avgrensing i mandatet som utelet pasientar med ALS. Ordninga har verka sidan 2018. Føretaksmøtet ba dei regionale helseføretaka om å evaluere Ekspertpanelet.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Dei regionale helseføretaka blir bedne om å evaluere Ekspertpanelet og vurdere endringar i mandatet. Det vert lagt til grunn at pasientar med ALS også skal bli omfatta av ordninga. Helse Vest RHF skal leie arbeidet. Frist for oppdraget er innan utgangen av 2021.*

## Sak 9 Beredskapslager for legemiddel

Regjeringa vedtok i 2020 at det skulle etablerast to nivå av beredskapslagring av forsyningskritiske legemiddel i lys av covid-19. Nivå ein omfattar tre til seks månaders forbruk av dei 50 mest forsyningskritiske legemidla ("50-lista") for primærhelsetenesta, tre månaders forbruk av legemiddel på covid-19-lista for 800 intensivpasientar i spesialisthelsetenesta og H-reseptlegemiddel tilsvarande åtte vekers forbruk.

Føretaksmøtet viste til at dei regionale helseføretaka 8. mai 2020 vart bedne om etablere eit beredskapslager for legemiddel på nivå to for primær- og spesialisthelsetenesta. Nivå to innebar at det samla skulle byggast opp eit lager av seks månaders forbruk av eit utval av særskilt prioriterte legemiddel i spesialisthelsetenesta og ei noko utvida 50-liste for primærhelsetenesta. Helse Vest RHF vart bedt om å leie arbeidet på vegne av dei regionale helseføretaka, og gjennomføre oppdraget i samarbeid med Helsedirektoratet og Statens legemiddelverk. I lys av vidare arbeid med det permanente beredskapslageret er det behov for å presisere enkelte føringar.

### Føretaksmøtet vedtok:

- *Dei regionale helseføretaka kan, der smitte- og forsyningssituasjonen tilseier at det er forsvarleg, avvike frå kravet om seks månaders lager. Vurderinga skal gjennomførast i samarbeid med Helsedirektoratet og Legemiddelverket. Departementet ber om at vurderinga og oppdaterte kostnadsanslag for prosjekt B180 for 2021 og 2022 vert sendt over innan 12. mai 2021.*
- *Dei regionale helseføretaka skal ivareta forvaltning av primærhelsetenesteandelen av B180-prosjektet inntil nærmare beskjed frå departementet.*
- *Dei regionale helseføretaka vert bedne om å arbeide vidare med korleis beredskapslager for legemiddel i spesialisthelsetenesta, etablert under covid-19, på sikt kan konsoliderast med dei regionale helseføretaka sine ordinære beredskapslager. Departementet ber om at ei vurdering av organisering og omfang, og budsjettmessige konsekvensar, vert sendt over innan 1. november 2021.*

Møtet vart heva kl. 15.20.

Oslo, 20. april 2021

Bent Høie

Einar Strømsvåg

*Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar*